

Saksutredning:

NOU 2014:16 SJØMATINDUSTRIEN

Trykte vedlegg: Asplan Viak: Høringsgrunnlag Sjømatindustriutvalget. Hva mener næringene om forslag til organisering av verdikjeden.

Utrykte vedlegg: NOU 2014:16 www.regjeringen.no/nb/dokumenter/nou-2014-16/id2354149/?docId=NOU201420140016000DDDEPIS&ch=1&q=

1. Bakgrunn:

Nærings- og kystdepartementet har sendt NOU 2014:16 Sjømatindustrien ut på høyring. Frist for uttale er 16. april 2015.

Våren 2013 vart det sett ned eit utval (Tveteråsutvalet) som skulle sjå på forhold som er til hinder for eller kan bidra til auka lønsemd og verdiskaping i sjømatindustrien. Alle medlemmane vart oppnemnde med bakgrunn i kompetanse og integritet og skal vere uavhengige. Utvalet har hatt ti medlemmar og har vore leia av professor Ragnar Tveterås, Stavanger. Forslaget blei overlevert fiskeriministeren 16. desember 2014.

Utvalets mandat:

- Gå gjennom moglegheitene for ein konkurransedyktig sjømatindustri i Noreg, både innanfor bearbeiding og sal.
- Sjå på særlege utfordringar eller hinder for auka lønsemd og verdiskaping i sjømatindustrien i Noreg, både næringsspesifikke og generelle.
- Foreslå tiltak for sjømatindustrien som kan bidra til at fiskeressursane vert brukt på ein måte som bidreg til høgst mogleg verdiskaping gjennom heile verdikjeda.
- Utføre ei vurdering av regionale verknader.

Utvalet var særleg bedt om å sjå på forhold som kan vere til hinder for eller kan bidra til auka lønsemd og verdiskaping. Berekraftig produksjon skulle leggjast til grunn i marknadsmessige forhold. Utvalet skulle utgreie økonomiske, administrative og andre vesentlege konsekvensar av sine forslag i samsvar med utgreiingsinstruksen.

2. Problemstilling:

Fylkesutvalet skal gi uttale til NOU 2014:16 Sjømatindustrien.

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval behandla denne saka i sitt møte den 19. mars. Dei vedtok i tillegg:

- Nytt punkt (1) lydende «Vestlandsrådet ber styresmaktene å leggja vekt på arbeidet med å sikra fri marknadsadgang for norsk fisk internasjonalt.»
- Tilleggspunkt 5 (6) b) «Vestlandsrådet er negativ til forslaget om å omsette kvotar utan kvotetak per fartøy (oppheving av strukturkvoteordninga).»
- Nytt punkt (12) «Vestlandsrådet vil støtte oppretting av ei voldgiftsordning som kan tre inn ved usemje om fastsetting av salsvilkår for fisk.»
- Nytt punkt (14) «Norge er ein råstoffeksportør, - også i marin samanheng. Vestlandsrådet ser at økt grad av bearbeiding av marint råstoff vil være ein viktig faktor i arbeidet med å styrka og vidareutvikla kystnære samfunn og i å bidra til økt verdiskaping lokalt, regionalt og nasjonalt. Vestlandsrådet ynskjer at dette må vektleggast i arbeidet med vidareutvikling av den norske sjømatindustrien.»

Fylkesutvalet kan vurdere om dei også ynskjer å leggje til desse punkta.

3. Saksopplysninger:

Utgreiinga er delt i tre delar. Del I (kapittel 1 og 2) gir bakgrunn for arbeidet, del II (kapittel 3–9) tek for seg rammevilkåra for sjømatnæringa, og del III (kapittel 10–16) omfattar analysar, vurderingar og forslag til tiltak frå utvalet.

Vurderingane til utvalet kan summerast slik:

1. Innovasjonsevne og innovasjonspolitik (kapittel 11)

Utvalet framheld viktigheita av at sjømatindustrien har moglegheit til å innovere på alle område, herunder vertikal og horisontal økonomisk organisering. Utvalet meiner også at næringa må ha tilstrekkeleg fridom til å velje lokalisering av aktivitetar og produksjon innanfor berekraftige rammer. Samtidig er det behov for å styrke forskinga når det gjeld kvaliteten på sjømatråstoffet gjennom heile verdikjeda, t.d. automatisering av prosessane, både i flåte- og foredlingsleddet. Vidare må myndighetene legge til rette for etablering av gode samarbeidsarenaer for aktørane i sjømatindustrien (foredlingsbedrifter, utstysleverandørar og forskingsmiljø), som t.d. Arena-klynger, Norwegian Centres of Expertise (NCE) og Sentre for forskingsdrive innovasjon (SFI), og at minst eitt fagmiljø på universitet-/høgskulenivå kan produsere kandidatar med spesifikk kunnskap som sjømatindustrien treng. Utvalet meiner også at det bør etablerast eit program som ivaretek eksperimentell utvikling og demonstrasjon, med fokus på finansieringsmoglegheiter og organisering.

2. Marknadsføring av norsk sjømat (kapittel 12)

Norsk sjømatnæring kan auke verdiskapinga gjennom marknadsføring av sjømat mot konsumentar. Her må næringa sjølv bidra med investeringar i marknadsføringstiltak. Dette kjem i tillegg til marknadsføringsavgifta som går til Norges sjømatråd.

3. Internasjonal marknadstilgang og konkurransevilkår (kapittel 13)

Norsk sjømatindustri er avhengig av å selje ein svært stor andel av produksjonen til utlandet. Marknadstilgangsrelaterte forhold om toll og ikkje-tariffere handelshindringar medverkar til redusert lønsemd og verdiskaping hjå norsk sjømatindustri. Utvalet meiner at styresmaktene må prioritere arbeid for størst mogleg frihandel og færrest mogleg tekniske handelshindringar, og at sjømatinteressene bør prioriterast der desse må avvegast mot t.d. landbrukssektoren i forhandlingar.

4. Kapital- og arbeidsmarknad (kapittel 14)

Kapital- og avkastningskrav: Utvalet peikar på at offentleg finansiering som hovudregel må innrettast mot auka innovasjon i sjømatnæringa.

Arbeidsmarknad: Utvalet erkjenner at mange bedrifter har sterke incentiv til å redusere arbeidskostnadane, samtidig er det vanskeleg for desse bedriftene å skaffe relevant arbeidskraft. Utvalet er positiv til at Tariffnemnda har vedteke forslag om delvis allmenngjering av overeinskomsten mellom fiskeindustribedrifter og LO. Dette gjev ei god avveging mellom omsyna til å unngå potensielle uakseptable løns- og arbeidsvilkår, og behovet til norske bedrifter for sesongarbeidskraft og incentiv til innovasjon.

5. Villfiskrelaterte rammevilkår (kapittel 15)

Kunnskap om bestandsdynamikk og -storleik: Kunnskapen om fiskebestandar som grunnlag for fiskekvotar er vesentleg for både fiskeflåten og sjømatindustrien. Utvalet tilrår derfor ei styrking av kunnskapsgrunnlaget om fiskebestandar gjennom tilstrekkeleg finansiering og effektiv bruk av ressursar i datainnsamling og bestandsestimering. Utvalet tilrår også at ressursnivået må haldast på eit nivå som tillet at viktige dataseriar som bidreg til betre kunnskap om økosystema, vert vidareført. Utvalet tilrår at det vert gjennomført eit utgreiingsarbeid som kvantifiserer verdien av auka kunnskap om desse forholda, samtidig som dagens modellar og datainnsamlingsmetodar vert gjennomgått med tanke på effektivisering. Introduksjon av delvis brukarbetaling for bestandsestimeringsarbeid kan bidra til utvikling av meir effektive prosessar.

Organisering av verdikjeda: Utvalet vurderer det som hensiktsmessig at sjømatindustrien får høve til å ha majoritetseigarskap og beslutningsrett for fiskefartøy. Utvalet føreslår derfor at § 6 i deltakarlova vert justert slik at sjømatindustribedrifter også kan inneha løyver til fartøy og kvotar. Utvalet legg til grunn at gjeldande norske restriksjonar som hindrar utanlandske statsborgarar rett til å eige fiskefartøy og kvotar, står fast jf. vedlegg i EØS-avtalen. Det vert også føreslått ei avgrensing av kor mykje ein aktør kan eige av kvotar. Ein tilleggsmerknad frå eit av utvalsmedlemmane var å fjerne aktivitetskravet for eigarskap til fiskefartøy heilt, dvs. at andre aktørar, ikkje berre sjømatindustrien, vil få høve til å eige fiskefartøy. Det var ikkje konsensus i utvalet om å endre § 6 i deltakarlova.

Fartøysutforming og fiskereiskap: Utvalet meiner styresmaktene må legge til rette for effektive og fleksible fangstoperasjonar for å auke verdiskapinga i heile den norske verdikjeda for villfanga fisk. Til det trengs ei oppmjuking av dagens avgrensingar i teknologi som kan nyttast, dvs. fri fartøysutforming og

reiskapsval. Dette meiner dei vil gje betre grunnlag for å drive foredling av fisk om bord i fartøy, noko som vil resultere i auka foredlingsgrad i dei norske fiskeria.

Strukturkvotar: Utvalet tilrår at dagens avgrensingar med kvotetak per fartøy vert oppheva, jf. dagens strukturkvoteordning. Dette gjev fartøya større fleksibilitet til å sette saman ei økonomisk gunstig kvoteportefølje, og foredlingsbedrifter får moglegheit til å spesialisere seg på artar meir enn i dag. Samtidig anbefaler utvalet at avgrensingane i moglegheita for konsentrasjon av kvotar på selskapsnivå vert vidareført.

Leverings-, aktivitets- og bearbeidingsplikt: Utvalet vurderer også pliktsystemet med leverings-, aktivitets- og bearbeidingsplikt som lite hensiktsmessig både økonomisk og relatert til dei opphavlege intensjonane med systemet. Pliktsystemet vert vurdert å hemme innovasjonsevna til dei aktuelle bedriftene. Det er betydeleg politisk strid knytt til pliktsystemet, og utvalet føreslår derfor at det vert sett ned ein kommisjon med juridisk og økonomisk kompetanse som får i oppgåve å kome fram til ei samfunnsmessig forsvarleg løysing på saka.

Sesongsvingingar: Sesongmønsteret i fiskeria medfører utfordringar i sjømatindustrien, som t.d. skreifisket. Endring av fangstmønster gjennom ulike verkemiddel kan betre økonomien for foredlingsbedriftene generelt, men gjev samtidig fiskeflåten ein risiko om kvoten ikkje er fiska ved utløp av kvoteåret. Utvalet tilrår derfor at styresmaktene innfører ordningar som reduserer risikoen for tapt inntekt ved utløp av kvoteåret t.d. ved kvotefleksibilitetsreglar. Endring av kvoteåret for torskefiske vil kunne utjamne sesongfisket ved at fleire båtar går over til haustfiske.

Førstehandsomsetting av fisk: Som eit ledd i berekraftig forvaltning av fiskeressursane i havet meiner utvalet at fiskesalslagslova som omhandlar obligatorisk omsetting, bør oppretthaldast. Utvalet antyder at dagens struktur med fem salslag ikkje er optimal, men konkluderer ikkje på det. Eit fleirtal i utvalet tilrår at salslaga på sikt får eit nøytralt eigarskap, og at det relativt raskt vert innført ei voldgiftsordning som kan tre i kraft ved usemje om fastsetting av salsvilkår (inkl. minstepris). Ny fiskesalslagslov tredde dessutan i kraft 1. januar 2014, og utvalet var delt i vurderinga av forslaga til endring av denne.

Koordinering av tilsynsmyndigheiter: Utvalet føreslår at kontrollinnsatsen til tilsynsmyndigheitene som t.d. Fiskeridirektoratet, Mattilsynet, salslag o.a. må tilretteleggast betre gjennom samordning. Like viktig er det at reglane for tilsyn vert praktisert likt i like delar av landet. Utvalet føreslår derfor ei samanslåing av regionar i Mattilsynet som eit tiltak for å få ein meir heilskapleg kontrollpraksis.

Regelverksharmonisering: Ulike nasjonale regime for veging av t.d. pelagisk fisk ved landing medfører at aktørane opplever at dei har ulike konkurransevilkår. Dette medfører også at kvotekontrollen og fangststatistikken ikkje harmoniserer mellom ulike land. Utvalet meiner spørsmål om regelverksharmonisering for veging av fisk internasjonalt bør leggast til våre styresmakter. Dette er viktig både for konkurransen om råstoffet, og for å få rett fangstdata til berekningane av fiskebestandane.

Kontroll med ressursuttak: Utvalet ser det som svært viktig at fangst- og landingsopplysningane er korrekte. Omrekningsfaktorar mellom ulike produktformer og rund vekt gjev utfordringar i rapporteringa av fangsten. Utvalet tilrår derfor at det vert lagt til rette for at aktørane kan velje den mest effektive og verdiskapande prosessen, og at krava frå myndigheitene i størst mogleg grad likebehandlar alternativa. I høve underrapportering vert det tilrådd at styresmaktene gjennomgår kontroll- og sanksjonsregimet, og at talet på kontrollar vert auka, ev. at det vert teke i bruk / etablert andre kontrollmekanismar som har same effekt. Samtidig vert det tilrådd at straffnivået vert skjerpa ved brudd.

6. Oppdrett av laksefisk (kapittel 16)

Total produksjon: Føreseielege kriterier for vekst er viktig for at verdikjeda for laksefisk skal kunne gjere effektive tilpassingar og bidra til vekst i verdiskapinga. Utvalet fråråder derfor at det vert brukt kriterier som opnar for betydeleg bruk av skjønns ved tildeling av ny produksjonskapasitet som t.d. grøn teknologi. Vidare føreslår utvalet at samfunnet skal legge til rette for ein jamn og føreseieleg vekst i totalproduksjonen, berre avgrensa ut frå omsyn til miljø og sjukdom. Veksten må også ta omsyn til faktorar som areal og potensielle brukarkonfliktar med andre aktørar i kystsona.

Produksjonsreguleringssystem akvakultur: Utvalet tilrår at styresmaktene vidarefører arbeidet som er sett i gang for å finne eit reguleringssystem som tillet aktørane å velje sine eigne produksjons- og marknadsstrategiar, samtidig som omsynet til miljø og sjukdom vert ivareteke. Tilrådinga føreset at endringa ikkje fører til vesentlege konkurransevridingar og verdiendringar mellom selskap som driv lakseoppdrett i Noreg.

4. Fylkesrådmannens vurderinger:

Noreg har i dag ein betydeleg sjømatindustri. Industrien er svært variabel med omsyn til produksjonsform, skala, lokalisering, råstoffbase og ei rekke andre faktorar. Sentralt i mandatet til utvalet er identifisering av kva utfordringar industrien står overfor for å få auka lønsemd og verdiskaping. Utvalet har i tillegg føreslått tiltak som gjer industrien betre i stand til å møte utfordringane og bidra til å auke verdiskapinga.

Merksemda til utvalet har vore spesielt retta mot verdikjedeskaping og lønsam drift i sjømatindustrien. Følgjande forslag til tiltak er føreslått:

- a) Tiltak knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
 - Innsamling av data og estimering av fiskebestandar.
 - Utdanning av kandidatar på universitetsnivå med relevant kompetanse.
 - Forskings- og utviklingsaktivitet relatert til sjømatindustrien.

- Generisk marknadsføring og andre aktivitetar underlagt Norges sjømatråd.
- b) Tiltak knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/-hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, -miljø m.m.
- Kontroll med fangst og førstehandsomsetting.
 - Koordinering av tilsyn med hygiene/mattryggleik, arbeidsforhold og -vilkår etc. i sjømatindustrien.
- c) Tiltak knytt til regulering av økonomisk organisering og vekst i verdikjeder for sjømat.
- Høve til fiskeflåten å velje horisontal organisering og teknologi gjennom omsetting av kvotar utan kvotetak per fartøy, og eigne val av fartøys- og fangstteknologi.
 - Gje sjømatindustrien tilgang til å eige fiskekvotar ved å endre aktivitetskravet i deltakarlova.
 - Avvikling av leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta.
 - Endring i førstehandsomsettinga for villfisk.
 - Legge til rette for jamn og føreseieleg berekraftig vekst i total lakseproduksjon, med regional differensiering, forankring i kunnskapsbaserte kriterier knytt til miljø og sjukdom.

Vurdering av forslag a):

Alle forslag knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar vert vurdert som viktige. Fiskarane har lenge etterspurt auka kunnskap og dataseriar om fiskebestandane. Det er stadig vekk ueinigheit om mengda av fisk som kan haustast. Auka fokus på datainnsamling og estimering av fiskebestandane vil derfor gje havforskarane ei betre oversikt over storleiken på dei ulike fiskebestandane, og dermed eit betre estimat for kor mykje som kan haustast. Det vert samtidig vurdert som viktig at FoU-aktiviteten retta mot sjømatindustrien får større merksemd, bl.a. når det gjeld innovasjon og teknologiutvikling.

Kunnskap og utdanning vil vere grunnlaget for framtidig vekst i sjømatindustrien. Utdanning av kandidatar på høgskule-/universitetsnivå vert vurdert som viktig, men like viktig er gode utdanningsmoglegheiter på vidaregåande skular og fagskulenivå. Desse vil vere vesentlege bidragsytarar for rekruttering av både (mellom-)leiarar og fagarbeidarar til havbruk, fiskebåt og sjømatindustrien i framtida. Breidda i kompetansemiljøa på Vestlandet er stor, og desse må styrkas for å vere til støtte for sjømatnæringa og forvaltninga. Det trengs ein styrking av dei regionale forskingsfonda på Vestlandet for bedriftsretta forskingsfinansiering for våre sjømatbedrifter. Det vil og vere behov for større forskingskapasitet hos HI i tida framover, knytt til kunnskap om fiskebestandar og økosystem samt berekraftsindikatorar i akvakultur.

Sjømatnæringa er ei internasjonal næring. Om lag 90 prosent av den norske sjømaten vert eksportert til ulike marknader over heile verda. I dag står Norges sjømatråd for den generiske marknadsføringa av norsk sjømat både innanlands og globalt. Verksemda til Sjømatrådet er finansiert fullt ut av sjømatnæringa, gjennom ei eksportavgift (0,75 prosent på eksport av norsk fisk og sjømat, og 0,2 prosent på bearbeida produkt). Vi vurderer det som viktig at marknadsaktiviteten til Norges sjømatråd vert oppretthalde, spesielt med tanke på å få marknadsført både fisk og fiskeprodukt frå alle typar bedrifter. Finansieringsmodellen til Norges sjømatråd er for øvrig til vurdering jf. Høyring – Forskriftsendringer vedrørende eksport av fisk og fiskevarer (på høyring no, fylkeskommunane er ikkje høyringsinstans).

Vurdering av forslag b):

Alle forslag knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/-hygiene, arbeidsforhold og -vilkår vert vurdert som viktige. Dei to siste åra har det vore ein del mediemerkeemd rundt juksing i fiskeindustrien, spesielt i samband med skreifiske. Det er også døme på at både fiskarar og fiskemottak har vorte dømte for underrapportering av fisk. Slik fiskekriminalitet gjer fiskeforvaltninga vanskeleg, og kan seiast å vere ein trussel mot det marine økosystemet. Fiskekriminalitet er dessutan eit stort globalt problem.

Både over- og underfiske vil over tid føre til eit sterkt avgrensa tilbod av råstoff til industrien. Det er derfor viktig for myndigheitene å regulere og kontrollere fiskeinnsats og -uttak. Auka kontroll er ein måte å handtere «fiskejuks» på, samt skjerpning av nivået på bøtene. Samtidig kan tilrettelegging for bruk av moderne informasjonsteknologi forenkle ein del prosessar t.d. når det gjeld rapportering. Vi meiner også at ei betre samordning av statlege tilsynsorgan som Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Arbeidstilsynet og miljøvernmyndigheiter er viktig.

Vurdering av forslag c):

Utvalet føreslår fri tilgang til strukturering og fritt reiskapsval i fiskeflåten. Strukturvotearbeid har vore brukt som eit verkemiddel for å regulere og effektivisere fiskeflåten ved at fartøy kan tildelast strukturvote i tillegg til grunnkvoten i gjevne fiskeri. I realiteten betyr dette at fartøy kan fiske meir enn ein kvote per fiskeslag med same fartøy.

Ein føresetnad for at strukturvotearbeid skal fungere, er at kvotefordelinga mellom gruppene ligg fast. Dette taler mot oppheving av kvotetaka i strukturvotearbeid. Det vert samtidig vurdert som positivt om det vert opna for ei større grad av spesialisering innanfor dei enkelte fiskeria.

Dagens ordning blei oppretta for å hindre at kvotar blei forflytta fra nord til sør. Mens det i nord har vore svakare tilgang på kapital, så har næringa i sør klart å bygge opp kapital. Næringas syn er at ein oppheving av geografiske begrensningar for sal vil gi næringa likare konkurransevilkår. Ei forenkling av dagens system vil truleg bidra til at prisane på kvotar fastsettest ut frå marknaden og etterspørsel i større grad enn i dag.

Næringa er positiv til innføring av fritt fartøys- og reiskapsval. Med større fridom til å legge egne strategiar, vert flåten meir fleksibel og tilpassningsdyktig. Dette tiltaket må forventast å ha effekt på den regionale fordelinga av fartøy og fiskarar, og i nokre regionar og lokalsamfunn vil det verte færre fartøy og fiskarar. For å motverke at desse endringane berre skal komme nokre av rederia til gode, føreset vi at dei regionale bindingane som har hatt til hensikt å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylke/regionar, vert oppheva.

Eit fleirtal i utvalet føreslår å gje sjømatindustrien tilgang til å eige fiskekvotar ved å endre aktivitetskravet i § 6 i deltakarlova. Det vert samtidig føresett at kravet om norsk eigarskap til fiskefartøy og fiskekvotar vert oppretthalde. Det er allereie gjeve dispensasjon i deltakarlova, slik at sjømatindustrien kan eige fiskefartøy. Fiskefartøya har i denne samanhengen hatt leveringsplikt til egne anlegg. Utvalet føreslår å avvikle denne leveringsplikta, samt kravet til bearbeiding og aktivitetsplikta. Leveringsplikta er eit vilkår knytt til torsketrålkonsesjonen til enkelte fartøy (20 av 37 torsketrålarar). Anlegga som tek imot leveringspliktig råstoff, har i tillegg hatt eit krav om at 70 prosent av råstoffet skal bearbeidast. Aktivitetsplikta seier noko om at fiskebåten (leveringspliktig torsketrålar) skal drive foredlingsverksemd i regi av ei bestemt bedrift på ein bestemt stad. Ordninga har vore omstridt, og vart opphavleg innført for å «støtte opp under sysselsetting og busetting» i Nord-Norge. Konklusjonen til utvalet om at ordninga er lite hensiktsmessig både økonomisk og relatert til intensjonane, meiner vi er legitim, og ei avvikling av systemet vil kunne fremme innovasjon i form av betre marknadstilpassingar for sjømatindustrien. Det må samtidig gjerast vurderingar av om ei eventuell oppheving av pliktssystemet må medføre ein kompensasjon for dei berørte samfunna. Dette heng saman med at dei involverte sjømatselskapa tileigna seg desse fiskerettighetene under marknadspris, og at ei oppheving av pliktene potensielt vil auke verdien for eigarane med store summar. Vi meiner at det ved ei endring i aktivitetskravet i deltakarlova må opnast for «alle» potensielle aktørar og ikkje berre sjømatindustrien jf. erfaringane med leveringsplikt. Det bør også vurderast ei oppmjuking av aktivitetskravet i samband med generasjonsskifte og finansiering.

Næringa tykkjer det er urimeleg at rett til eigarskap bare gjeld at flåten fritt kan eige på land, men ikkje motsett. Næringa bør få større moglegheit til vertikal integrasjon, og til fritt å organisere sin virksomhet for å optimalisere verdiskaping og produksjon.

Det er også eit ynskje frå næringa om å tilstrebe ei forvaltning som gjev større stabilitet og mindre aktivitetstoppar.

Når det gjeld endring av førstehandsomsettinga for villfisk jf. fiskesalslagslova, meiner vi ein må la den nyleg vedtekne lova verke ei stund før den vert evaluert. Dette var dessutan konklusjonen til mindretalet i utvalet. Næringa sjølv synest det er fornuftig å slå saman fleire av salslaga i kvitfisksektoren, utan at dette treng gå ut over talet på leveringsstader.

Angående vekst i lakseproduksjon har fylkeskommunane utarbeidd sine eigne høyringssvar i samband med «Melding til Stortinget om vekst i norsk laks- og ørretoppdrett» og høyringssvar «Forslag om oppheving av forskrift om fordeling og avgrensing av produksjonskapasitet i lakseoppdrettsnæringen».

Næringa meiner at bearbeidingskrav knytta til interregional MTB truleg har ein konkurransevridande effekt. Det bør vurderast å etablere større fleksibilitet / like vilkår for små og store aktørar når det gjeld å utnytte MTB og moglegheiter til å flytte biomasse. Næringa uttaler også at det bør arbeidast for ei betre samordning av dei ulike forvaltningsorgana som havbruksnæringa må forholde seg til, for å korte ned sakshandsamingstida og for ei meir forutsigbar sakshandsaming. Fylkeskommunane står for akvakulturforvaltninga og har den koordinerande rolla ved handsaming av akvakulturløyver. Det må vurderast om ukompliserte saker også kan avgjerast direkte av fylkeskommunane utan f.eks. eigne utslepsvedtak hjå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen der miljøtilhøva er gode.

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet er positiv til tiltaka som er knytt til utdanning, kunnskapsproduksjon, FoU- og marknadsføringsaktivitetar.
2. Fylkesutvalet meiner det er viktig med godt utdanna fagarbeidarar med kompetanse frå vidaregåande skule og fagskule, og at det er sterke utdanningsmiljø på høgskule- og universitetsnivå for sjømatindustrien i regionen.

Tiltak retta mot fiskerinæringa:

3. Fylkesutvalet er positiv til tiltaka som er knytt til kontroll og tilsyn med fangst, førstehandsomsetting, mattryggleik/-hygiene, arbeidsforhold og -vilkår, -miljø m.m.
4. Fylkesutvalet er positiv til fritt fartøys- og reiskapsval for fiskeflåten. Føresetnaden for fritt reiskapsval er at kvotefordeling mellom gruppene ligg fast. Det føreset at dei regionale bindingane som har hatt til formål å hindre overdraging av fiskefartøy mellom fylke/regionar, vert oppheva ved innføring av dette tiltaket.

5. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om å endre strukturkvoteordninga, ved å oppheve geografiske begrensninger for sal og å redusere talet på fartøysgrupper når det gjeld kvotefordeling og strukturkvotar.
6. Fylkesutvalet er positiv til forslaget om å endre aktivitetskravet i § 6 i deltakarlova for å gje sjømatindustrien tilgang til å eige fiskekvotar under føresetnad av at norsk eigarskap over ressursane kan oppretthaldast. Næringa må få større fridom til vertikal integrasjon, og til fritt å organisere verksemda for å optimalisere verdiskaping og produksjon.
7. Fylkesutvalet er positiv til å avvikle leverings-, bearbeidings- og aktivitetsplikta.
8. Fylkesutvalet meiner at det ikkje er behov for ei endring i førstehandsomsetting for villfisk jf. fiskesalslagslova per i dag.
9. Fylkesutvalet i Rogaland er positiv til forvaltning som gjev større stabilitet og mindre aktivitetstoppar.

Tiltak retta mot havbruksnæringa:

10. Fylkesutvalet meiner at regelverket bør ha meir forutsigbare og nøytrale kriterier for tildeling av nye konsesjonar, og legge til rette for ein forutsigbar vekst. Det bør også arbeidast for ei betre samordning av dei ulike forvaltningsorgana som havbruksnæringa må førehalda seg til, for å korte ned sakshandsamingstida og for ei meir forutsigbar sakshandsaming.
11. Fylkesutvalet i Rogaland meiner at det bør vurderast større fleksibilitet / meir like vilkår for små og store aktørar når det gjeld å utnytte MTB og moglegheiter til å flytte biomasse.

Trond Nerdal
fylkesrådmann

Norvald Skretting
næringssjef

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.